

Prisar Nyskaping og utviklingsarbeid I og II

Generelt: HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen.

Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomførings- og førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Moodle). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekket.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekket i studieavgift til HLB.

NY I (30 studiepoeng) – Kr. 20100,-

Modulen inkluderer studietur (samling) til verdas største innovasjonsmesse knytt til landbruk/mat, [Grüne Woche i Berlin](#). Studieturen går over tre dagar i siste del av januar kvart år. Følgjande er inkludert i modulprisen:

- Flyreise t/r Sola – Berlin (det er også mogleg å reisa frå Oslo og Bergen. Frå Trondheim mot eit lite tillegg)
- 2 overnattingar i Berlin (eventuelt med frukost der dette er inkludert i overnattinga)
- Inngangsbilletter 2 dagar til messa

NY II (30 studiepoeng) – Kr. 20100,-

Modulen består av Produktframtaking (10 stp) og Utviklingsoppgåve/Bacheloroppgåve (20 stp). Ein av samlingane under emnet Produktframtaking blir lagt til [Ciderhuset i Balestrand](#). Følgjande er dekket av modulprisen i samband med denne samlinga:

- 2 overnattingar med frukost på dobbeltrom på hotell
- Mat og opplevingspakke på Ciderhuset

Studentane møter i Balestrand og dekkar sjølve reisa dit.